

# Lokale forskrifter etter ny opplæringslov 01. august 2024

## Høyringsutkast for lokale forskrifter i Askvoll kommune.

Høyringsfrist er sett til **11. oktober 2024**. Høyringsinnspel som kjem etter det vil ikkje verta vurdert. Saka skal til politisk handsaming.

Kommunar og fylkeskommunar pliktar å sørgja for høyring, vedtak og offentleggjering av eigne lokale forskrifter i samsvar med ny opplæringslov som tredde i kraft 01.august 2024.

Den nye opplæringslova inneheld fleire område der kommunar og fylkeskommunar **skal** gje forskrifter, i tillegg til område der dei **kan** gje forskrifter.

Nedanfor følgjer 4 høyringsutkast.

1. Lokal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Askvoll kommune
2. Lokal forskrift om skuleregjar for dei offentlege skulane i Askvoll kommune
3. Lokal forskrift om hovudmål på skulane i Askvoll kommune
4. Lokal forskrift om skule- og feriedagar for elevane i Askvoll kommune

Alle 4 forskrifter skal kunngjerast på Lovdata. Før kunngjering må dei vera høyrde og vedtekne i kommunestyret i Askvoll kommune

Med helsing  
Kristen Holt  
Kommunalsjef Oppvekst

## Høyringsframlegg: Lokal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Askvoll kommune

**Heimel:** Fastsett av [organ] [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.

## **§ 1. Formål**

Forskrifta skal sikre lik handsaming av søknader om permisjon i dei offentlege grunnskulane i Askvoll kommune og gjere regelverket meir føreseieleg for dei som søker permisjon. Skulen må alltid gjere ei individuell vurdering av om det er forsvarleg å gje eleven permisjon. Eleven sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn. Forskrifta har og til formål å redusere omfanget av fråvær.

## **§ 2. Verkeområde**

Forskrifta gjeld pliktig grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-2, og gjeld for elevar i den offentlege grunnskulen i Askvoll kommune.

Forskrifta gjeld ikkje for vaksne som mottek grunnskuleopplæring etter opplæringslova kapittel 18.

## **§ 3. Høve til å søkja om permisjon**

Elevar i dei offentlege grunnskulane i Askvoll kan innvilgast permisjon inntil 10 skuledagar per skuleår. Dei 10 skuledagane kan fordelast over fleire permisjonar. Føresetnaden er at eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg.

I vurderinga av om opplæringa samla sett er forsvarleg vil mellom anna følgjande kunne verte vektlagt:

- kva som er det beste for eleven, og kva eleven sjølv meiner
- skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- om, og i tilfelle kva, opplæring som vert gjeve i permisjonstida
- om eleven har hatt fråvær og permisjon tidlegare
- eleven sitt faglege nivå
- kva læringsutbyte eleven elles vil få i permisjonstida.

Det vert som hovudregel ikkje innvilga permisjon i periodar der det vert gjennomført statlege kartleggingsprøver, nasjonale prøver, avgjerande vurderingssituasjonar på ungdomssteget, prøveeksamen og eksamenar.

## **§ 4. Permisjon for trusretningar**

Elevar som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon dei dagane trussamfunnet har heilagdag, sjå opplæringslova § 2-2 femte ledd. Foreldra må syte for at eleven får tilstrekkeleg opplæring slik at eleven kan følgje med i opplæringa på skulen etter at permisjonstida er ute, sjå opplæringslova § 2-2 femte ledd.

## **§ 5. Andre permisjonar**

Skulen kan innvilge permisjon:

- ved viktige samkome i nær familie (dåp/namnefest, konfirmasjon, bryllaup og liknande).
- ved familiehendingar av særleg sorgprega karakter, til dømes dødsfall eller gravferd. Dette gjeld også på dagar der det vert gjennomført prøver eller førebuing til prøver.
- når eleven er teken ut til å delta på idrettsstemne eller kulturelle konkurransar. Det skal til vanleg ikkje gjevast permisjon til treningssamlingar eller liknande.
- ved deltaking i politisk og/eller friviljug organisasjonsarbeid.

## **§ 6. Opphald i utlandet**

Etter tre månader i utlandet vert ikkje barn lenger rekna som busett i Noreg, og er dermed ikkje omfatta av opplæringsplikta etter opplæringslova § 2-2 andre ledd. I dei tilfella der føresette på førehand gjev skulen melding om opphald i utland lengre enn tre månader, fell opplæringsplikta bort ved avreisedatoen. I alle andre tilfelle fell plikta bort når utanlandsopphaldet har vart i meir enn tre månader. Regelen om tre månader gjeld uavhengig av skuleruta, det vil seie uavhengig av om opphaldet delvis vert lagt til skulen sine feriar.

## **§ 7. Ugyldig fråvær**

Eleven vil få ugyldig fråvær dersom eleven ikkje har søkt om permisjon, eller har fått avslag på søknad om permisjon, og likevel ikkje møter på skulen.

Eleven får også ugyldig fråvær dersom eleven berre har fått delvis innvilga permisjon, og likevel er borte heile perioden.

## **§ 8. Handsaming av permisjonssøknadar**

Ved planlagt fråvær kan desse innvilge permisjon i følgjande omfang:

- kontaktlærer: enkelttimar – inntil to dagar
- rektor: inntil 10 dagar

Søknaden om permisjon må kome i rimeleg tid før permisjonen det vert søkt fri til.

## **§ 9. Klagerett**

Handsaming av søknad om permisjon er eit enkeltvedtak som det kan klagast på. Ein eventuell klage skal sendast til skulen ved rektor. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket kom fram til klagar. Dersom skulen held fast på avslaget, vert klagen sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.

## **§ 10. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Høyringsframlegg:

# Lokal forskrift om skulereglar for dei offentlege skulane i Askvoll kommune

**Heimel:** Fastsett av [organ] [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

## Kapittel 1. Føremål og verkeområde

### § 1. Føremål

Skulereglane skal føre til at skulane er prega av eit arbeids- og læringsmiljø som fremmar toleranse, samarbeid, respekt, trivsel, fagleg konsentrasjon, ro og orden.

### § 2. Verkeområde

Skulereglane omfattar alle dei offentlege grunnskulane i kommunen.

Skulereglane gjeld når skulen har ansvar for elevane. Det gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal, også når elevane har undervisning utanfor skulen sitt område som kan vere:

- leirskule
- skuleturar
- skulevegen
- skulearrangement utanfor skuletid.

Forskrifta gjeld i tillegg for SFO og leksehjelp.

### **§ 3. Lokale skulereglar på kvar skule**

Kvar skule kan fastsetje utfyllande skulereglar for trivsel, orden og åtferd.

Skulereglane skal ta utgangspunkt i lokale tilhøve og sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å ta i vare eit godt læringsmiljø og elevane sitt psykososiale skulemiljø.

Rektor fastset lokale skulereglar etter at samarbeidsutvalet ved skulen har handsama reglane og kome med innspel.

Rektor skal syte for at dei lokale skulereglane ikkje er i strid med den kommunale forskrifta.

## **Kapittel 2. Medverknad**

### **§ 4. Omsynet til eleven sitt beste og eleven sin rett til å bli høyr**

I alle saker som blir handsama etter denne forskrifta eller lokale skulereglar skal omsynet til eleven sitt beste vere eit grunnleggande omsyn.

Skulen skal ta i vare eleven sin rett til å bli høyrd.

### **§ 5. Skuledemokrati**

Skulen skal sørge for at elevane og foreldre/føresette får vere med å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda i skulen, mellom anna i arbeidet med, jf. opplæringslova § 10-4:

- skulemiljø
- kvalitetsutvikling i opplæringa
- fastsetting av skulereglar.

Skulen skal legge til rette for at alle elevar kan ytre seg, oppmuntra dei til å ta del i skuledemokratiet uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, funksjonsnivå og sosial bakgrunn.

Skulen skal hjelpe elevane i arbeidet med skuledemokratiet

## **§ 6. Organisering av skuledemokratiet**

Kvar skule skal ha eit elevråd som er valt av elevane. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte (opplæringslova § 10-5)

Kvar skule skal ha eit arbeidsutval (FAU) som er valt av foreldra på skulen, jf. opplæringslova § 10-5.

Kvar skule skal ha eit samarbeidsutval (SU) med to representantar frå undervisningspersonalet, ein frå andre tilsette, to frå foreldrerådet, to frå elevane og to frå kommunen (rektor er ein av representantane frå kommunen). Samarbeidsutvalet er skulen sitt øvste samarbeidsorgan, og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

Elevrepresentantar skal ikkje delta i saker som er omfatta av teieplikt som blir handsama i samarbeidsutvalet. Når elevane ikkje deltek i saker skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar auka tilsvarande.

## **Kapittel 3. Rettar og plikter**

### **§ 7. Rettar**

Som elev har du rett til:

- at alle møter deg på ein ordentleg måte
- at andre viser deg respekt og lar dine eigendelar vere i fred
- at du får eit trygt og godt lærings- og skulemiljø
- at du skal vere fri for fysisk, psykisk, verbal og digital krenking og trakassering
- at tilsette grip inn og reagerer på brot på god framferd eller farlege hendingar.

### **§ 8. Plikter**

Som elev har du plikt til å:

- møte andre på ein god måte

- vise respekt og la andre og skulen sine eigendelar vere i fred
- arbeide for eit godt lærings- og skulemiljø
- ikkje krenke eller trakassere nokon, verken fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt.

## **Kapittel 4. Orden og åtferd**

### **§ 9. Vurdering av eleven sin orden og åtferd**

Skulen skal vurdere orden og åtferd ut frå reglane i denne forskrifta og skulen sine lokale skulereglar. Eleven sin orden og åtferd kan ikkje vurderast ut frå andre vurderingsgrunnlag enn dette.

Karakteren i orden og åtferd vil som eit hovudprinsipp bli sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også settast ned ved enkelthendingar dersom det er snakk om særleg grove brot på reglane.

### **§ 10. Reglar for god orden**

For å vise god orden skal du:

- møte presis til timar og avtalar
- møte førebudd til opplæring
- ha med nødvendig utstyr du har fått tildelt og ta vare på det
- halde fristar og gjere arbeid til rett tid
- følgje skulen sine reglar for melding av fråvær
- halde god orden.

### **§ 11. Reglar for god åtferd**

For å vise god åtferd skal du:

- vise omsyn og respekt for andre uansett kjønn, nasjonalitet, religion, livssyn, seksuell orientering og økonomisk bakgrunn m.m.
- møte medelevar og tilsette med respekt og gjere ditt for å halde arbeidsro i timane
- rette deg etter beskjedar frå skulen sine tilsette



- vise nettvett og følgje skulen sine reglar for bruk av mobiltelefon, datautstyr og digitalt utstyr
- følge skulen sine reglar for bruk av hjelpemiddel og spesialutstyr.

Åtferd som ikkje skal aksepteras:

- Krenking og trakassering
- True med eller utøve fysisk vald
- Fusk og plagiat eller forsøk på dette
- Ha med, bruke eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- Bruk av tobakk eller snus på skulen sitt område, eller når skulen har tilsynsansvar
- Ha med eller bruke farlege gjenstandar utan løyve frå skulen
- Bruke plagg som heilt eller delvis dekker til ansiktet.

## **§ 12. Reaksjonar ved brot på reglane for orden og åtferd**

Askvoll kommune vil nytte følgande reaksjonar ved brot på reglane for orden og åtferd:

- a) Munnleg rettleiing frå lærar
- b) Merknad
- c) Munnleg rettleiing frå rektor/skuleleiar
- d) Skriftleg melding til elev
- e) Skriftleg melding til foreldre/føresette
- f) Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid for å rette opp skader eller tilhøve eleven har ansvar for
- g) Bortvising frå undervisning i enkelttimar eller enkeltarrangement, inntil 2 klokketimar
- h) Bortvising resten av dagen
- i) Bortvising i inntil 3 dagar (8.–10. klasse)
- j) Mellombels eller permanent byte av klasse/gruppe
- k) Mellombels eller permanent byte av skule.

Fysisk refsing eller kollektiv straff er ikkje tillate.

Eleven pliktar å rette seg etter pålagde tiltak. Dersom eleven ikkje overheld dette, kan det føre til nye tiltak.

### **§ 13. Bortvising**

Bortvising er heimla i opplæringslova § 13-1.

Det skal vurderast om det kan gjerast mindre inngripande tiltak før eleven blir vist bort.

Lengda elevane i grunnskulen kan bortvisast er:

- 1.–7. klasse kan visast bort i enkelttimar eller resten av dagen
- 8.–10. klasse kan visast bort i inntil 3 dagar.

Foreldre/føresette skal ha melding før ein elev i 1.–7. klasse blir vist bort resten av dagen.

### **§ 14. Mobiltelefon og smartklokker som har telefon og datafunksjon**

Mobiltelefon/kommunikasjonsutstyr skal leverast inn til ein tilsett ved start av skuledagen. Eleven får mobiltelefon/kommunikasjonsutstyret att frå den tilsette når skuledagen er slutt.

Smartklokker som har telefon- og datafunksjonar vert å samanlikna med mobiltelefon.

### **§ 15. Inndraging av gjenstandar**

Gjenstandar, som til dømes mobiltelefon, som blir brukt i strid med skulereglane kan midlertidig bli inndratt. Det same gjeld dersom eleven har med seg gjenstandar som etter denne forskrifta, eller lokale skulereglar ikkje er akseptert.

Ulovlege gjenstandar skal bli inndratt og levert til politiet.

Dersom skulen inndrar tobakk/snus eller alkohol frå umyndige elevar, bør desse gjenstandane leverast til foreldre/føresette.

### **§ 16. Politimelding**

Straffbare tilhøve skal som hovudregel meldast til politiet

## **§ 17. Erstatningsansvar**

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr kan elev og/eller foreldre/føresette bli halde erstatningsansvarlege, jf. skadeserstatningsloven §§ 1-1 og 1-2.

## **§ 18. Sakshandsaming ved bruk av reaksjonar**

Ved bruk av reaksjonar gjeld følgande sakshandsamingsreglar:

- a) Skulen skal sørge for at avgjerda skal bli tatt på eit forsvarleg grunnlag.
- b) Eleven har rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. Skulen skal sørge for at eleven får snakke med nokon eleven stolar på og i ein situasjon som vert opplevd trygg.
- c) Skulen skal grunngi reaksjonen. Dersom avgjerda har særleg betydning skal grunngivinga vere skriftleg.
- d) Før avgjerda om bortvising blir fatta skal skulen vurdere bruk av andre reaksjonar eller hjelpetiltak.
- e) Rektor avgjer om reaksjonane i § 12 f, h, i og j skal nyttast. Rektor eller den rektor delegerer det til avgjer reaksjonane i § 9 a–e og g skal nyttast. Kommunalsjef for skule avgjer om reaksjonane etter § 9 k skal nyttast.
- f) I alvorlege saker skal mindreårige sine foreldre/føresette varslast så langt det er mogeleg. Før foreldre/føresette blir varsla skal eleven bli høyrte i trygge omgivadar.

Reaksjonane i § 12 h–k i denne forskrifta er enkeltvedtak og skal handsamast i tråd sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

## **§ 19. Iverksetjing og opphøyr**

Forskrifta trer i kraft straks.

“Ordensreglar – Normalreglement for grunnskulane i Askvoll kommune”, vedteke av undervisningsutvalet i møte 22.03.2010, opphøyrer frå same tidspunkt.

# Høyringsframlegg:

# Lokal forskrift om hovudmål på skulane i Askvoll kommune

**Heimel:** Fastsett av [organ] [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 15-2 første ledd.

## § 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gjeld for alle elevar, vaksne deltakarar og tilsette ved skulane i Askvoll kommune, Vestland.

## § 2. Hovudmål

Nynorsk er hovudmålet ved skulane i Askvoll kommune, Vestland. Skulane skal bruka nynorsk i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar, føresette og andre.

## § 2. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft straks.

# Høyringsframlegg:

# Lokal forskrift om skule- og feriedagar for elevane i Askvoll kommune

**Heimel:** Fastsett av [organ] [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

## § 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskular i Askvoll kommune og seier kva skule- og feriedagar elevane skal ha i skuleåret. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette dagane. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret, jf. opplæringslova § 14-1

## § 2. Årleg skulerute

For kvart skuleår fastset kommunedirektøren ei skulerute. Ho skal gi oversikt over skuleferiane til elevane og andre skulefrie dagar i grunnskulen i Askvoll kommune. Skuleruta skal publiserast på kommunen sine nettsider innan utgangen av desember året før. Skulane skal kvart år informere foreldra om skuleruta etter at ho er vedteken for neste skuleår.

## § 3. Nasjonale prøver og eksamen

Skuleruta skal vere tilpassa gjennomføring av nasjonale prøver og sentralt og lokalt gitt eksamen.

## § 4. Fellesregler og lokale unntak

- a. Oppstart og avslutning av skuleåret, haustferie, juleferie, vinterferie og påskeferie skal som hovudregel vere lik for alle skulane i kommunen. På grunn av fylkeskommunale ordningar for

skuleskyss, skal oppstart og avslutning av skuleåret også avklarast med Vestland fylkeskommune.

b. Skulane kan gjere lokale endringar om særlege grunnar talar for det. Dette må godkjennast av samarbeidsutvalet (SU) ved den aktuelle skule. Saka skal sendast til endeleg godkjenning hos administrativ skuleeigar.

c. Lokale endringar etter bokstav b skal publiserast på skulen og kommunen sine nettsider, i god tid før oppstart av nytt skuleår. I god tid før neste skuleår skal skulen også skriftleg informere foreldre (både til elevar ved skulen og nye frå neste skuleår) om avvikande datoar.

## **§ 5. Iverksetjing**

Forskrifta trer i kraft straks.